



Anne Guro Dale frå Sagvåg, i bestefar og bøkker Jens Jensen Rød sine fotspor.

Anne Guro Soleng frå Sagvåg på Stord kom til Rød sist veke for å sjå plassen der bestefaren hennar, Jens Jensen Rød, kom frå. Ho ville særleg sjå Bøkkerverkstaden sidan det truleg er Jens som starta tønneproduksjon her seint på 1890 talet.

Bestefaren, Jens Kristoffer Jensen Rød f. 1870, gifte seg med Andrea Dale frå Fjelberg og flytta dit, då dei fekk garden i testamente etter foreldra hennar. Far til Anne Guro, Nils Andreas Dale, gifte med Ingeborg Kløvrud frå Valdres, overtok garden i 1950.

I folketeljinga frå år 1900 er Jens Rød ført som bøkker. Det kan vera han eller Johannes Rød (f. 1835) som bygde det store nauset og starta tønneproduksjon i det som i dag er Bøkkerverkstaden. Tønnefabrikken på Rød gav på det beste arbeid til 8 - 10 mann fram til drifta vart lagt ned seint på 1920 talet.

Anne Guro er godt nøgd med å få sjå Bøkkerverkstaden. Ho har høyrte mykje om plassen, man aldri vore her før. I oppveksten og seinare har ho vore på besøk til slekta på Haugland, i tunet der Astrid og Pål Haugland bur. Severina Haugland var nemleg syskenbarnet til far hennar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal